

Dagbok frå eit flygande sirkus

I 1969 landa mennesket på månen, Monty Python's Flying Cirkus vart fødd, og Michael Palin slutta å røykje. I staden byrja han å skrive dagbok.

Roald Helgheim

roald@dagogtid.no

Det har han gjort heile tida sidan, og no er dagbøkene frå dei første ti åra samla i *Diaries 1969–79*, med den misunningsverdige undertittelen «The Python Years». Det er ein tittel ikkje eingong dronninga kan ta frå han, ho som kalla sitt verste år *annus horribilis*. For Michael Palin var Python-åra ikkje dei verste, men dei beste, sjølv om han etterpå har brukt livet til å reise jorda rundt, på langs, eller på tvers.

Python-åra var ikkje over i 1979. Det året toppa dei karrieren med den makelauxe filmen *Life of Brian*, og sidan kom *Monty Python's The Meaning of Life* i 1983. For ein lesar er 600 boksider frå den ti år gamle glansperioden likevel rikeleg, for kva er ei dagbok? Dagbøker, personlege notat eller brev, det kan vere kjeldehistorisk materiale av uvurderleg verdi. Det spørst berre kva plass skrivaren opphavleg tenkte han skulle få i historia.

Ein hobby

For Palin var det ein hobby han tok opp att frå gutedagane etter at hendene vart frigjorde ein dag han ikkje hadde røyk att i huset, gjekk til sengs utan den siste kveldsblåsen og vakna glad og røykfri. Han visste ikkje at han skulle bli med på noko som i sitt slag skulle skape historie. «For historikarane sin del skulle eg truleg notert ned kvar einaste detalj om fødselen til Monty Python, men det tyktest mykje meir viktig for meg å dokumentere framveksten av min eigen familie enn dei vaklande stega til ein komedieserie som truleg ikkje ville vare meir enn to år. Det tykkjer eg er som det skal vere. Legender blir ikkje skapte av dagbøker, men dei kan bli øydelagde av dei», skriv han i føreordet. Innimellom stikk han inn små forklarande kommentarar, og alt på side 12 spør han: «Korleis kunne eg gløyme då vi laga 'Spanish Inquisition' og 'Silly Walks'?» I ettertid er

det to legendariske episodar frå dei første BBC-showa, men «for å vere ærleg, såg verken eg eller nokon av dei andre på Python som ei levande legende som flytta barrierar i komediekunsten. Vi var underbetalte skrivarar/utøvarar som prøvde å tene til livets opphald», skriv han, i ei verd der andre komediegigantar regjerte.

Meir enn dagleglivet

Det gjer ikkje dagbøkene til Michael Palin uinteressante. Den autoriserte Monty Python-biografien er skriven og kom ut i 2003. Men ut av 38 handskrivne, tjukke bøker har Michael Palin fylt 600 sider med skildringar av dagleglivet slik han opplevde det då, mest utanfor rampelyset. Det gjer dei ikkje mindre interessante for ein Monty Pythondisippel, men dei har ingen annan systematikk. Vil du til dømes finne alt som står om kva som hende rundt *Life of Brian*, er det eit godt register bak med kategoriar som viser veg gjennom ulike fasar, i dagbøkene spreidd innimellom over månader og år. Ideen til *Life of Brian* var opphavleg ein film om Jesus, men dei følte at den einaste måten å skildre evangeliet «seriøst» på, var å distansere seg frå Kristus-figuren gjennom grannen Brian. Tittelen «Brian of Nazareth» vart såleis også forkasta, og Jesus er ikkje med på den legendariske krossfestinga. At dei likevel ikkje slapp unna blasfemiparagrafen i Noreg, kunne ikkje dei vite. Dei internasjonale reaksjonane var likevel ingenting mot det Mel Gibson opplevde med *The Passion of the Christ*. Filmen tok dei opp i Tunis, med stor oppslutning frå lokale statistar og folk dei elles støyte på.

Film til 150.000

På denne tida var økonomien betre enn då dei spela inn den fantastiske lågbudsjettfilmen *Monty Python and The Holy Grail*. Det var eit spleiselag på 150.000 pund der Led Zeppelin skaut inn 25.000 og Pink Floyd 20.000, i tillegg til at dei tilbaud seg å lage musikk. Filmen vart spela inn under stusslege tilhøve i Skottland. Hestar hadde dei ikkje råd til, og resultatet vart påfunnet med «hestespringande», brynjekledde menn og noko som laga lyden av hestehovar, ein filmklassikar. Andre kjelder vil ha det til at det for første gong i historia sprakk for den elles godlyndte Michael Palin, då han stadig måtte repetere rolla som

«mud-eater». «The day of the Mud-Eater» er skildra i dagboka for 13. mai 1974 som ei scene som får «heksebrennarscena i *Det sjuande seglet* (Bergman) til å likne *Breakfast at Tiffany's*». Dagen var som ein vond draum der han til slutt faktisk måtte ete gjørme, om enn blanda med sjokolade og andre godsaker.

Python-gjengen

Seks hundre sider dagboknotat er ikkje til å lese, men å bla i. Michael Palin er ein skrivefør mann med auga for stort og smått. «I dag har foreldra mine vore gifte i 42 år. Eg undrast på om dei har vore lukkelege heile tida.» Monty Python er firmanamnet til det som starta som Monty Python's Flying Circus i 1969, då John Cleese ringde Michael Palin og sa at no var det berre å kaste alt anna og setje i gang. Mange av dei hadde møtst i komikarfaget før, men dei seks pythonane var Graham Chapman (død 1989), John Cleese, Terry Gilliam, Eric Idle, Terry Jones og Michael Palin, som var på lufta i 45 episodar (med Gilliam som animasjonsmakar), som spela inn eit drøss med plater og som laga fem filmar, inkludert *Monty Python Live at the Hollywood Bowl*, den store USA-suksessen i 1982. *And Now For Something Completely Different* (1971) var ei samling nyfilma sketsjar frå dei to første BBC-showa. Dei spela alle kvinnerollene sjølve, med nokre unntak der Carol Cleveland og Connie Both (frå «Fawlty Towers») var med. I nokre scener gjekk dei eit steg vidare og spela kvinner som framstilte menn! Som dagbøker flest handlar *Diaries 1969–1979* om familie og vener, og om ein politisk engasjert radikalar. Fem år gammal stod han på scena, elleve år gammal spela han alle rollene i eit Shakespearestykke for mor, og hans første baby var med i Holy Grail-filmen, som «Sir Not-appearing-in-this-film».

Billettekst

Monty Python på tokt i Monty Python and The Holy Grail, ein lågbudsjettfilm der dei ikkje hadde råd til hestar, men sprang på ein hesteliknande måte sjølve.